# ÅRSMØTE FOR MÅLLAGET I KRISTIANSAND

**Saksliste til årsmøtet tysdag 16. mars 2021 kl. 19:**

1. Opning. Godkjenning av oppmøte, innkalling og saksliste
2. Val av møtestyrar
3. Val av skrivar
4. Val av to til å skriva under på årsmøteprotokollen
5. Årsmelding for lagsdrifta i meldingsåret
6. Rekneskapen for lagsdrifta
7. Budsjett for 2021
8. Lokalkontingent for 2022
9. Organisasjonssatsinga på Agder 2021-2025

10. Val
    a) Val av leiar for eitt år
    b) Val av styremedlemmar
    c) Val av varafolk
    d) Val av revisor for laget
    e) Val av ny valnemnd
    f) Val av utsendingar til årsmøtet i Vest-Agder Mållag

11. Innkomne saker

# Årsmelding 2020

Sidan siste årsmøte, 15. februar 2020, har styret vore samansett slik:

| | |
|---|---|
| Leiar Ronny Rognhaugen | Heimeside, informasjon |
| Nestleiar Ernst Håkon Jahr | Forhandling BUL |
| Rekneskapsførar Anne Erfjord | Bank, rekneskap |
| Styremedlem Gyro Irene Nesland Bjørnenak | Skulemål, barnehagar |
| Styremedlem Sylfest Lomheim | Skrivetevling, forhandling BUL |
| Varamedlem Kjellaug Kvalsvik | |
| Varamedlem Ragnar Alrek | |

Stillinga som dagleg leiar gjekk ut etter årsmøtet, og ekstern skrivar Borghild Løver forsvann då ho slutta i stillinga som reiseskrivar for Agder 31. mars. Etter dette gjekk skrivinga på omgang i styret. For fyrste gong på lenge har me hatt eigen rekneskapsførar i styret. Varafolk har vore invitert til alle styremøte og delteke saman med resten av styret. Me har gjennomført åtte styremøte i perioden, ein av desse digitalt med Skype. I tillegg har særskilde sakar vore drøfta og vedteke på e-post mellom styremøta.

Anne laga ei open gruppeside på Facebook som kom i drift 30. april. Sida har no 82 brukarar og ho vert jamleg oppdatert med nyhende. Noregs Mållag avvikla vår felles løysing for heimesider i juli og me måtte finna ei ny løysing innan utgangen av året. Ronny laga ei ny heimeside som kom i drift 15. oktober. All historikk er flytta over frå den gamle. Stor takk til Solveig Lima og andre som har dokumentert store og små hendingar i laget sidan 2007. I tillegg er det send ut to medlemsbrev på e-post (august/oktober).

Årsmøtet for Vest-Agder Mållag vart gjennomførd 28. mars med telefon og e-post. Gjennomføringa vart uoversiktleg og mykje kan gjerast annleis om dette vert aktuelt seinare. Borghild Løver vart ny leiar. Landsmøtet vart todelt med val 24-26. april (e-post) og resten gjennomførd digitalt 17-18. oktober. Gyro og Ronny deltok for Mållaget utan tekniske problem. Det var påmeld 160 delegatar, men den målte deltakinga var 89-126 personar. Under avrøystinga deltok rundt 120. Ronny sitt framlegg om ein «Ny nynorskpolitikk» vart avvist av 111 mot 9 røyster, men vidaresend nemnda for nytt arbeidsprogram 2022-2026. Haustsamlinga på Ose 30-31. oktober vart avlyst.

Elles har året vore prega av koronaen og smitteverntiltak. To av føredraga på vårprogrammet vart utsett til hausten, men den nynorske gudstenesta i mai og Jolemøtet måtte avlysast. På nyåret 2021 kan me inntil vidare ikkje ha mållagsmøte. Det vart gjennomførd tre litteratur-/lyrikk kveldar vinteren/våren 2020, men interessa var så låg, at styret avvikla tiltaket inntil einkvan vil ta ansvaret for å driva det vidare:

- Tysdag 28. januar - Mållagsmøte med Sylfest Lomheim: Om skilnaden på å skriva skjønnlitteratur og sakprosa. 20 frammøtte.
- Tysdag 11. februar - Årsmøte for Mållaget i Kristiansand. 15 frammøtte.
- Sundag 17. mai - Gudlaug Nedrelid holdt minnetale for Jørgen Løvland. 15 til stades.
- Tysdag 8. september - Mållagsmøte med Brit Bildøen i samtale med Sylfest Lomheim om forfattarskapen hennar. 10 frammøtte.
- Tysdag 13. oktober - Mållagsmøte med Ernst Håkon Jahr som fortalde om Andreas Faye og Ivar Aasen. 23 frammøtte ++.
- Tysdag 3. november - Mållagsmøte med Aud Sunde Smemo som fortalde om livet til Hans Børli. 17 frammøtte.

# Årsmelding 2020

Dette er andre året Mållaget gjennomfører skrivetevlinga for Twitternoveller. I år kom det inn 66 tekstar på inntil 280 teikn frå elevar ved KKG, Kvadraturen og Tangen. Temaet i år var «løgn» og fristen for innsending var 19. desember. Premievinnarane i år var Åge Andre Aaser (Kvadraturen), Kristian Solum (Tangen) og Nora Kjetså (Kvadraturen). Stor takk til nemnda med Vibeke Lauritsen, Svein Slettan og Sylfest Lomheim!

Det spesielle året har gjeve utslag på kostnadssida vår, sidan det har vore lite aktivitet. Landsmøtet vart digitalt og då sparte me reise og opphald. Mållaga på Agder har ikkje hatt reiseskrivar etter at Borghild slutta. Styret kutta då løyvinga frå 200.000 til 50.000. Sidan me ikkje fekk noko betalingskrav vart ikkje noko utbetalt. Støtta til Organisasjonssatstinga på Agder skal opp til ny vurdering i år (kvart femte år). Løyvingane elles har vore minimale; Norsk Barneblad 13.500, bøker 1.510, Dag og Tid 1.000. For fyrste gong på veldig lenge er det eit overskot for laget på nær 37.000. Og me har over 430.000 i banken.

Når det gjeld forretningsdrifta i Gyldenløves gate 11 Eigedom AS (G11), fekk mållaget som året før 250.000 i avdrag. Saldo på lånet er no 1.274.576. Utover renter på det ansvarlege lånet til G11, har eigarane til no ikkje fått anna enn avdrag. Forståinga for økonomi og styring av AS har vore mangelfull sidan oppstarten i 2013, og styret vil at Mållaget skal få ei betre rolleforståing som eigar av G11. Jan Petter Horn trakk seg som styremedlem og nestleiar i G11 24. januar. Varamedlem Borghild Løver har sidan fylt denne stillinga.

Generalforsamlinga i G11 vart helde 13. mai. Det enda med ein open konflikt mellom styret i G11 og leiar av Mållaget. Etter utidig press frå styret i G11 før og under møtet, gav Mållaget opp sine styrevedtak frå 28. april, og styret i G11 vart uendra. Anne Erfjord vart nytt varamedlem i G11 22. september. Prosjektet med nytt kjøken vart gjennomførd innanfor budsjettet på 800.000. Mållaget er i dialog med BUL om ein ny aksjonæravtale, som me vonar vil løysa problema me har erkjent det siste året.

Heidersmedlemmar i laget er Maria Viken, Anne Louise Stensland, Olav Molland og Anne Austad. Laget hadde 131 betalande medlemmar ved utgangen av 2020, og det er det høgste medlemstalet sidan 1990. Det kom til 14 nye medlemmar i 2020 og 5 er utmeld.

**Tiltaksliste 2021:**

- Ny aksjonæravtale Mållaget-BUL
- Markering av 50-års jubileet for Mållagsbygget; 17. mai 2021
- Ny ordning for Norsk Barnblad og bøker til barnehage/skule
- Nynorsk kronikktevling i Fædrelandsvennen
- Utfordra Vennesla og Vågsbygd VGS til Twitternovelle 2021

For styret

Ronny Rognhaugen, 16. februar 2021.

Olav Molland
Fasanveien 5
4621 Kristiansand
Telef. 91571288
E-post. olav.molland@wemeil.no

Mållaget i Kristiansand

# Revisjonsmelding /2020

Eg har revidert rekneskapen for Mållaget i Kristiansand for driftsåret 2020
Reknaskapen er samansett av resultat og balansen.

Reknsneskapsførar er Anne Erfjord.

Eg har gjennomgått eit utval av billag, kontrollert bankkonti og årsoppgava frå banken. Rekneskapsførar har gitt greie svar på spørsmål frå revisor.
Rekneskapen er oversikteleg og greitt presentert.

Eg meiner at:

- Den framlagte rekneskapen gjev eit rettvisande bilete av økonomien pr. 31.12.2020
- Rekneskapsførar har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversikteleg registrering og dokumentasjon.
- Rekneskapen kan dermed godkjennast.

Kristiansand 1. februar 2020.

Olav Molland
Revisor

# Årsrekneskap for Mållaget i Kristiansand - 2020

## Resultat:

| | | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Rev.budsjett 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| 3000 | Møteinntekter | 6 145 | 0 | 7 000 | 7 000 |
| 3009 | Mva. refusjon NM | 26 442 | 21 179 | 15 000 | 15 000 |
| 3009 | Dugnad G11 | 10 950 | 0 | 10 000 | 0 1) |
| 3009 | Ymse inntekter | 1 000 | 0 | 0 | 0 |
| | Kontingent | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsinntekter** | | **44 537** | **21 179** | **32 000** | **22 000** |
| 5000 | Honorar | 24 937 | 11 947 | 20 000 | 10 000 |
| 6000 | Møteutgifter | 22 411 | 905 | 17 000 | 12 000 |
| 6016 | Lysingar | 4 686 | 0 | 1 000 | 0 |
| 6021 | Husleige | 9 000 | 3 000 | 9 000 | 5 000 |
| --- | *Mållagsmøte* | 61 034 | 15 852 | 47 000 | 27 000 |
| 6003 | Blad- og bokabonnement | 17 655 | 13 550 | 17 000 | 10 000 |
| 6004 | Bokkjøp til skular/bornehagar | 2 118 | 1 510 | 4 000 | 4 000 |
| 6007 | Organisasjonssatsinga på Agder | 220 000 | 0 | 200 000 | 50 000 |
| 6008 | Ymse gåver/støtte | 1 000 | 1 000 | 5 000 | 5 000 |
| 6012 | Journaliststipend | 15 000 | 0 | 5 000 | 5 000 |
| --- | *Løyvingar/gåver* | 255 773 | 16 060 | 231 000 | 74 000 |
| 6002 | Seminar | 3 916 | 0 | 3 000 | 3 000 |
| 6010 | Fylkes- og Landsmøte | 300 | 1 200 | 22 500 | 15 000 |
| --- | *Målrørsla* | 4 216 | 1 200 | 25 500 | 18 000 |
| 6020 | Ymse utgifter | 9 188 | 7 304 | 9 000 | 5 000 |
| **Sum Driftsutgifter** | | 330 211 | 40 416 | 312 500 | 124 000 |
| **DRIFTSRESULTAT:** | | **-285 674** | **-19 237** | **-280 500** | **-102 000** |
| 8040 | Renteinntekter bank | 27 | 57 | 0 | 0 |
| 8041 | Renteinntekter ansvarleg lån G11 | 65 105 | 56 159 | 60 000 | 50 000 |
| **Sum Finansposter** | | **65 132** | **56 216** | **60 000** | **50 000** |
| **RESULTAT FØR SKATT:** | | **-220 542** | **36 979** | **-220 500** | **-52 000** |
| Skatter og årsdisp | | 4 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum skatter og årsdisp** | | | | | |
| **ÅRSRESULTAT:** | | **-220 538** | **36 979** | **-220 500** | **-52 000** |

1) Dugnadsinntekt for 2020 på kr 14.550 blei ikkje betalt frå G11 før 4/1-21.

## Balanse:

| | | *31/12-2019* | *31/12-2020* |
|---|---|---|---|
| 1900 | Brukskonto Mållaget | 135 341 | 122 288 |
| 1902 | Bank Agder Målungdom | 8 727 | 8 730 |
| 1903 | Bank Agder Målungdom | 530 | 530 |
| 1904 | Skillingskonto | 0 | 300 030 |
| 1950 | Lån til G11 Eigedom AS | 1 524 576 | 1 274 576 |
| | **OMLØPSMIDEL** | **1 669 174** | **1 706 154** |
| 1000 | Aksjar i G11 Eigedom AS | 363 000 | 363 000 |
| | **Sum EIGEDOM** | **2 032 174** | **2 069 154** |
| 2000 | Eigenkapital | 2 252 713 | 2 032 175 |
| 2099 | Årsresultat | -220 538 | 36 979 |
| | **Sum EIGENKAPITAL OG GJELD** | **2 032 175** | **2 069 154** |

Rekneskapsførar
Anne Erfjord

Revisor
Olav Molland

# ¡rsrekneskap for M¬llaget i Kristia

## Resultat:

| | | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Rev.budsjett 2020 | Budsjett 2021 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 3000 | Møteinntekter | 6 145 | 0 | 7 000 | 7 000 | 7 000 |
| 3009 | Mva. refusjon NM | 26 442 | 21 179 | 15 000 | 15 000 | 3 000 |
| 3009 | Dugnad G11 | 10 950 | 0 | 10 000 | 0 | 25 000 1) |
| 3009 | Ymse inntekter | 1 000 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Kontingent | 0 | 0 | 0 | 0 | 5 000 |
| | Sum Driftsinntekter | 44 537 | 21 179 | 32 000 | 22 0 | |
| 5000 | Honorar | 24 937 | 11 947 | 20 000 | 10 000 | 10 000 |
| 6000 | Møteutgifter | 22 411 | 905 | 17 000 | 12 000 | 2 000 |
| 6016 | Lysingar | 4 686 | 0 | 1 000 | 0 | 1 000 |
| 6021 | Husleige | 9 000 | 3 000 | 9 000 | 5 000 | 5 000 |
| --- | *Mållagsmøte* | 61 034 | 15 852 | 47 000 | 27 000 | 18 000 |
| 6003 | Blad- og bokabonnement | 17 655 | 13 550 | 17 000 | 10 000 | 10 000 |
| 6004 | Bokkjøp til skular/bornehagar | 2 118 | 1 510 | 4 000 | 4 000 | 4 000 |
| 6007 | Organisasjonssatsinga på Agder | 220 000 | 0 | 200 000 | 50 000 | 0 |
| 6008 | Ymse gåver/støtte | 1 000 | 1 000 | 5 000 | 5 000 | 3 000 |
| 6012 | Journaliststipend | 15 000 | 0 | 5 000 | 5 000 | 5 000 |
| --- | *Løyvingar/gåver* | 255 773 | 16 060 | 231 000 | 74 000 | 22 000 |
| 6002 | Seminar | 3 916 | 0 | 3 000 | 3 000 | 2 000 |
| 6010 | Fylkes- og Landsmøte | 300 | 1 200 | 22 500 | 15 000 | 1 000 |
| --- | *Målrørsla* | 4 216 | 1 200 | 25 500 | 18 000 | 3 000 |
| 6020 | Ymse utgifter | 9 188 | 7 304 | 9 000 | 5 000 | 5 000 |
| | Sum Driftsutgifter | 330 211 | 40 416 | 312 500 | 124 000 | 48 000 |
| | DRIFTSRESULTAT: | -285 674 | -19 237 | -280 500 | -102 0 | |
| 8040 | Renteinntekter bank | 27 | 57 | 0 | 0 | 0 |
| 8041 | Renteinntekter ansvarleg lån G11 | 65 105 | 56 159 | 60 000 | 50 000 | 50 000 |
| | Sum Finansposter | 65 132 | 56 216 | 60 000 | 50 000 | |
| | RESULTAT FÏR SKATT: | -220 542 | 36 979 | -220 500 | -52 | |
| | Skatter og årsdisp | 4 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Sum skatter og ¬rsdisp | | | | | |
| | ¡RSRESULTAT: | -220 538 | 36 979 | -220 500 | -52 00 | |

1) Dugnadsinntekt for 2020 på kr 14.550 blei ikkje betalt frå G11 før 4/1-21.

## Balanse:

| | | ***31/12-2019*** | ***31/12-2020*** |
|---|---|---|---|
| 1900 | Brukskonto Mållaget | 135 341 | 122 288 |
| 1902 | Bank Agder Målungdom | 8 727 | 8 730 |
| 1903 | Bank Agder Målungdom | 530 | 530 |
| 1904 | Skillingskonto | 0 | 300 030 |
| 1950 | Lån til G11 Eigedom AS | 1 524 576 | 1 274 576 |
| | OMLÏPSMIDEL | 1 669 174 | 1 706 154 |
| 1000 | Aksjar i G11 Eigedom AS | 363 000 | 363 000 |
| | Sum EIGEDOM | 2 032 174 | 2 069 154 |
| 2000 | Eigenkapital | 2 252 713 | 2 032 175 |
| 2099 | Årsresultat | -220 538 | 36 979 |
| | Sum EIGENKAPITAL OG GJELD | 2 032 175 | 2 069 154 |

Rekneskapsførar
Arne Etfjord

Revisor
Olav Molland